

Sykehuskirken, preste- og samtaletjenesten

KIRKEN er for tiden under ombygging!

Midlertidig kirkerom er Søsterhjemmets kapell som ligger helt sør i 1. etg. i det gamle sykehusbygget.

Det er vanligvis gudstjeneste med nattverd hver søndag kl 11:00, men er midlertidig stengt for gudstjenestebruk av smitterverns hensyn. Dersom du ønsker nattverd på rommet, kan du si ifra til personalet som formidler beskjed til presten.

SAMTALER OG SJELESORG

Sykehusprestens viktigste oppgave er å være tilgjengelig for deg og dine pårørende for dialog og samtalestøtte i din aktuelle livssituasjon. Stort eller lite spiller ingen rolle, å være innlagt på sykehus kan av forskjellige årsaker utløse behov for samtale og refleksjon. Presten har selvsagt taushetsplikt. Vi formidler også kontakt med prest / samtalepartner fra andre tros- og livssynssamfunn.

På Haraldsplass er vi tre prester som er tilgjengelig alle dager fra 0800 - 1800. Om ønskelig kan pleiepersonalet formidle kontakt, eller du kan ringe prestens vakttelefon som er angitt nedenfor.

SØNDAGSHILSEN PÅ NETT

Søndagshilsen ligger også ute på sykehusets internettsider under «prestedtjenester»



Haraldsplass
Diakonale sykehus

i Vil du ha mer informasjon eller trenger du å snakke med oss?

 Tlf: 922 07 527

 www.haraldsplass.no
Søk :prestedtjenester


Søndagshelsing

6. juni 2021

2. søndag i treeingstida

Tema:

Å tenke stort om smått



Pixabay.com

Det er for tiden ikke gudstjenester i sykehuskirken på Haraldsplass! Du finner gudstjenester og andre livssynsprogram på www.kirken.no

2. søndag i treeinigstida

Preiketekst: Joh 3,26-30

26 Dei gjekk til Johannes og sa til han: «Rabbi, den mannen som var saman med deg på andre sida av Jordan, han som du vitna om, no døyper han, og alle går til han.» 27 Johannes svara: «Eit menneske kan ikkje få noko utan at det blir gjeve han frå himmelen. 28 De er sjølve mine vitne på at eg sa: Eg er ikkje Messias, men eg er send føre han. 29 Den som har brura, er brudgom. Men venen hans, som står og høyrer på, han gleder seg stort når han høyrer røysta til brudgomen. Slik glede har eg no fått, og det i fullt mål. 30 Han skal veksa, eg skal minka.



Å tenke stort om smått

På mange måtar er himmelriket eit bakvendt land. Smått blir stort, og stort bli smått, først blir sist, og sist blir først... Johannes døyparen var etter tradisjonen ein stor og røsleg kar, og vi ser han for oss ute i ørkenen med bustete hår og kamelhårskappe. Han hadde ei stor oppgåve, og glede i å førebu folk på at Jesu skulle komme. Likevel snakkar han om å minke, eller *avta*.

Kva er det som blir større jo meir ein tar av det? Jo, riktig som du kanskje tenkte: Holet. Om du grev eit hol i jorda, blir det bare større og større jo meir du tar ut. Det blir mindre jord i holet, men holet blir større. Slik er det med kjærleiken også. Jo meir vi tar ut av den, jo større blir han.

Kanskje er det det Johannes tenker på her når han seier at Jesus skal vekse? Jo meir vi tar imot av kjærleiken, jo større blir Jesus i oss. Om eg har tru som eit lite sennepsfrø, er det nok. Gud gir vekst. Gud blir ikkje stor om vi tenker smått om oss sjølv. Gud blir stor når vi tar imot den kjærleiken Gud gir. Først då kan kjærleiken «*ta av*»...

God søndag!

**Kristin Lødøen Hope,
sjukehusprest**